



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg: Verneområdestyret for SVR

Møtested: Energihotellet, Nesflaten

Dato: 03.09.2024

Tidspunkt: 17:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.



Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 20/24	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 21/24	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 22/24	Orienteringer		
ST 23/24	Referatsaker		
RS 113/24	Nytt vedtak - Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Stakkstøl i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 38/7, Hjelmeland kommune - Stian Mæland		2024/5722
RS 114/24	Innvilga søknad om utvida dispensasjon til helikoptertransport til Stranddalen turisthytte i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1-2, Suldal kommune - Stavanger turistforening		2024/6061
RS 115/24	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre		2024/6070
RS 116/24	Innvilga søknad om helikoptertransport til Skjeraknuten i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 61/1, Gjesdal kommune - Norsk Institutt for naturforskning		2024/5419
RS 117/24	Innvilga søknad om landingsløyve med helikopter. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bygland 5/9 - Skarvebu Jan Ove Pytten Flodquist		2022/4860
RS 118/24	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Hegnavatnet i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1, Hjelmeland kommune - Enkel Bygg AS		2024/6220
RS 119/24	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport av saltstein til Vestre Kaldafjell i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 55/1, Suldal kommune - Leiv-Einar Aarhus		2024/6327
RS 120/24	Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 228/1, Sandnes kommune - Film in Norway		2024/6346
RS 121/24	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport av saltstein til Kyrkjesteinsdalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 55/1, Suldal kommune - Tor Bjarne Flesjå		2024/6437
RS 122/24	Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Store Halvorsvatn. 5/9 Hans Gaarder. . Bygland kommune		2024/6136

RS 123/24	Innvilga søknad om helikoptertransport til Dypingen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 55/52, Gjesdal kommune - Daniel Frafjord	2024/6783
RS 124/24	Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter for henting av felt storvilt. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde og Vidmyr naturreservat. 1/8 - 1/10 Veringsdalen s ameige. Bykle kommune	2024/6312
RS 125/24	Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Gaukhei 4/2. Eivind Jacobsen. Bygland kommune	2024/6568
RS 126/24	Innvilga søknad om bruk av snøscooter og landing med helikopter. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Skulebergtjønn og Breisletthei. 2/5 og 2/24. Sven Eidjord. Åseral kommune.	2024/6082
RS 127/24	Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 228/1, Sandnes kommune - Thomas Marthinsen	2024/7082
RS 128/24	Innvilga søknad om helikoptertransport til Frafjordstølen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 55/52, Gjesdal kommune - Erik Frafjord	2024/7080
RS 129/24	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Tverrfjelldalen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 248/1, Sandnes kommune - Tore Hans Mikkelsen	2024/7081
RS 130/24	Innvilga søknad om bruk av snøscooter og landing med helikopter. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 2/9 - Kilen. Roger Thorsland	2024/5918
RS 131/24	Innvilga søknad. Landingsløyve for helikopter for henting av felt vilt. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Vidmyr naturreservat. 1/1 - 1/2 - 1/6 - 1/7. Per-Torleiv Tveiten. Bykle kommune.	2024/6514
RS 132/24	Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Flesjevannteane. 4/1 Marcus Lauvrak. Bygland kommune	2024/6393
RS 133/24	Revidert snøskuterløyve. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 4/1 Heggland. Tor Eivind Vadlid. Bygland kommune	2023/6853
RS 134/24	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Kurvatnet i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/3, Hjelmeland kommune - Geir-Ove Meland	2024/7603
RS 135/24	Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Storevatn i Åseral kommune. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Å Energi.	2024/7708

RS 136/24	Innvilga søknad om helikoptertransport til driftehytter og hytter aust for Frafjordhatten i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 56/2, 58/1-2, Gjesdal kommune - Per Terje Haaland		2024/7820
RS 137/24	Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone til filmopptak ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 228/1, Sandnes kommune - Bob Andre Engelsen		2024/7325
RS 138/24	Melding om vedtak. Løve til utviding og ombygging av utebod. Galtenvegen 19 i Hovden landskapsvernområde. Gnr. 1, bnr. 45. Jorunn Blindheim. Bykle kommune		2022/528
RS 139/24	Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 228/1, Sandnes kommune - Adrian Grimelind		2024/8148
RS 140/24	Innvilga søknad om landingsløve for helikopter. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Vidalega - Lykkje - Gaukhei - Strondelega. Karl Martin Matningsdal. Bygland og Valle kommune		2024/7089
ST 24/24	Søknad om løve til maskinpreparering og kvisting. Sloaroslypa, Storenos 1, Storenos 2 og Vidmyr. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvenrområde. Vidmyr naturreservat. Bykle kommune.		2018/1426
ST 25/24	Melding av ulovleg motorferdsel ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune	X	2024/8284
ST 26/24	Søknad om dispensasjon til helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde under Heliboogie 2025, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - SBK - BASE		2024/7977
ST 27/24	Eventuelt		



Arkivsaksnummer: 2018/1426

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 26.08.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	24/24	03.09.2024

Søknad om løyve til maskinpreparering og kvisting. Sloarosløypa, Storenos 1, Storenos 2 og Vidmyr. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvenrområde. Vidmyr naturreservat. Bykle kommune.

Vedlegg:

1 4109_001

Forvaltar si innstilling

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernrområde* kap. 4 pkt. 5.5 bokstav a, d og e, samt *Naturmangfaldslova* § 48, gir verneområdestyret Hovden Hytteservice løyve til maskinpreparering av Sloarosløypa, Storenos 1 og Storenos 2 slik det er merka av på kartet i vedtaket. Løyvet gjeld for åra 2025 og 2026. Løyvet gjeld også for bruk av snøskuter til merking av løypene og vedlikehald av merkinga gjennom sesongen.

For løyvet gjeld følgjande vilkår.

- Sloarosløypa, frå Krossloskardet til Langvatn, kan preparerast fredag før palmesundag t.o.m 2. påskedag.
- Storenos 1 og Storenos 2 kan preparerast torsdag til sundag frå sesongstart til og med 24. april. I vinterferien og påsken kan dei preparerast alle vekedagar.
- Tidspunkt for merking av løypene Storenos 1 og Storenos 2 følgjer datoane for preparering ref. prikkpunkt 2 ovanfor. Merking av Sloarosløypa kan gjerast frå fredag før første vinterferieveke i 2025. Etter dette vil det ved bli vurdert om også merking av Sloarosløypa skal utsettast til påske.
- Om det vert observert villrein, eller nye spor etter villrein, i områda der traseane går, skal løypekøyraren straks vende og køyre tilbake i dei oppkøyrde spora, med berrebelte og ikkje sporsetjaren nede i snøen. I slike tilfelle skal tiltakshavar konsultere forvaltningsstyresmakta før løypa eventuelt blir køyrd opp att eller fullført. Om det er melding om villrein, eller posisjonar frå GPS-merka villrein i områda der traseane går, skal ikkje dei nemnde tre traseane preparerast i det heileteke. I alle høve skal det gå minimum tre dagar før neste forsøk på preparering.
- Innan 1. juni kvart år må det sendast inn logg for prepareringa av Sloarosløypa, inneverande sesong. Loggen skal sendast forvaltningssekretariatet for SVR.

Med heimel i Naturmangfaldslova § 48 får Hovden hytteservice løyve til merking og preparering av skiløypa i *Vidmyr naturreservat* slik det går fram av kartet i vedtaket. Merking og preparering kan skje frå sesongstart til og med 30. april. Løyvet gjeld t.o.m 30. april 2026.

Kart med godkjende trasear. Sloarosløypa, Storenos 1, Storenos 2 og Vidmyr merka med blå line.



Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Hovden hytteservice avslag på del av søknaden som gjeld preparering av Sloarosløypa utanom påskeveka.

Som grunngeving for vedtaket legg verneområdestyret vekt på at løypene Storenos 1, Storenos 2 og Vidmyr er del av godkjend sti og løypeplan for Bykle kommune. Dei ligg nær område det frå før er mykje aktivitet og kan såleis bidra til kanalisering av ferdsla.

For avslag på preparering av Sloarosløypa utanom påskeveka legg verneområdestyret vekt på at det ikkje er tilrådeleg å halde fram med å styre ferdsla inn i eit svært viktig vinterbeiteområde for villrein. Registrering av ferdsla i løypa i 2022 og 2023 syner at tal passeringar er av eit slikt omfang at traseen verkar som ein barriere for at villreinen kan

trekke gjennom området. Trekkbarrieren er beskrive i klassifiseringa av dei ti nasjonale villreinområde frå 2022, der det er lagt til grunn ein reduksjon i trekkaktiviteten på 50 – 90 %. For å betre tilhøva for villreinen og betre tilgangen på vinterbeitet er det vesentleg at ferdsla i området vert redusert. Det vert gjeven avslag på preparering av Sloarosløypa sjølv om denne er del av godkjend sti- og løypeplan. Dette skuldast tilgang på ny kunnskap gjennom ferdselsteljingane og klassifiseringa av dei nasjonale villreinområda.

Verneområdestyret meiner det er forsvarleg å tillate preparering i påskeveka då det har vore ein tendens til at villreinen har trekt ut til andre område seint i sesongen. Vidare bidreg det til kanalisering av ferdsla som ein uansett har seint på sesongen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Vi oppmodar difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar der dette skulle være naudsynt.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Saka i korte trekk

Verneområdestyret skal i denne saka ta stilling til søknad om vidareføring av maskinpreparering av Sloarosløypa, Storenos 1, Storenos 2 og Vidmyr, på Hovden i Bykle kommune. Av dei nemnde traseane er det Sloarosløypa som er mest kontroversiell då det er ei tur/returløype som går om lag 10 km. inn i eit svært viktig vinterbeiteområde for villrein. Eit vesentleg spørsmål i saka er om maskinprepareringa bidreg til å samle og kanalisere ferdsla, eller om den bidreg til å trekke mykje folk inn i eit område dei elles ikkje ville vore.

Førre løyve vart gjeven i 2021 og gjaldt for fire år. Det vart teken atterhald om at *ny kunnskap om menneskeleg ferdsel og villreinen sin bruk av områda kunne føre til at heile eller delar av løyvet vert teken opp til ny vurdering*. I løyveperioden er det gjennomført registrering av ferdsel gjennom to sesongar. I løpet av fire-års perioden er det gjennomført klassifisering av dei ti nasjonale villreinområde etter kvalitetsnorm for villrein. I denne er ferdsla i Sloarosløypa vurdert i gi mellom 50 – 90% reduksjon i trekkaktiviteten.

Det er lang tradisjon for å preparere alle dei nemnde løypene, og dei er del av Bykle kommune sin sti- og løypeplan. I perioden 2014 – 2016 vart Sloarosløypa mellombels «lagt ned» av di den vart vurdert å påverke verneverdiane nemneverdig. I 2017 vart Sloarosløypa, blant fleire, gjennom ei forskriftsendring gjeven ei spesifisert dispensasjonsheimel i verneforskrifta.

Om søknaden

Hovden Hytteservice har søkt om fornying av løyvet til maskinpreparering og merking (kvisting) av Sloarosløypa og løypene Storenos 1, Storenos 2 og Vidmyr på vestheia på Hovden (vedlegg 1). Løypene ligg i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde og Vidmyr naturreservat. Kart over løypene går fram av vedtaket. Søkar har i e-post dagsett 26.8 stadfesta at søknaden også gjeld løypa på Vidmyr sjølv om denne ikkje var nemnd i opphavsleg søknad.

I søknaden vert det synt til at traseane ligg inne i godkjend sti og løypeplan (kommunedelplan), samt at det i verneforskrifta er ein særskild heimel for maskinpreparering av desse traseane. For Storenos 1 og 2 er det i søknaden presisert at desse normalt vert preparert torsdag til sundag gjennom sesongen.

Søknaden gjeld også bruk av snøskuter for merking av løypene. Sloarosløypa er også del av DNT sør si vintermerkt løype til Sloaros turisthytte.

Det er det heileigde kommunale selskapet Hovden løypekjøring som har ansvaret for maskinpreparering av løypenettet på Hovden. For tida er det Hovden Hyttetervice som har oppdraget med preparering.

Formell bakgrunn for vurdering av vedtaket

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 24.4.2000 med endring dagsett 21.6.2017.
- Forskrift om freding av Vidmyr naturreservat av 5.9.1986
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane. Godkjend i 2015.
- Forvaltningsplan for verneområda på Hovden. Godkjend 18.12.2018

Heimelsgrunnlag Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde

Føremålet med vernet er etter kap. III i verneforskrifta som følger:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.

2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa

Av verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.1.a går det fram at motorisert ferdsel på land er forbode. Vidare går det fram av verneforskrifta kap. 4 pkt.5.5 første ledd og kap. 5.5 bokstav a, d og e at:

Forvaltningsstyresmakta kan, etter skriftleg søknad, gje løyve til bruk av motorkjøretøy for opparbeiding og preparering av skiløyper for allmenta og konkurransar, i følgjande trasear og løyper og i følgjande tidsrom eller i samband med følgjande arrangement:

a) *Frå Nos ved Storenos 1 til Sloaros i Bykle kommune frå fredag før vinterferien til 2. påskedag dersom denne ikkje er seinare enn 24. april. Med unntak av i vinterferien og i påska skal løypene berre køyrast opp fredag til sundag*

d) *Storenos 1 i Bykle kommune frå sesongstart til 25. april*

e) *Storenos 2 i Bykle kommune frå sesongstart til 25. april*

I siste ledd i punkt 5.5 er det gjeve vilkår for slik preparering:

Oppkøyring som nemnt i første ledd skal normalt følgje særskilte trasear som er kartfesta i forvaltningsplanen. Dersom det under oppkøyring er villrein i eller nær traseen, skal løypekøyraren straks vende og køyre tilbake i dei oppkøyrde spora, med berre belte og ikkje sporsetjaren nede i snøen. I slike tilfelle skal tiltakshavar konsultere forvaltningsstyresmakta før løypa eventuelt blir køyrd opp att eller fullført. Forvaltningsstyresmakta kan trekke tilbake løyve gitt etter første ledd dersom det er naudsynt av omsyn til villreinen. Nærare retningslinjer kan fastsetjast i forvaltningsplanen

Opninga for å gi løyve til maskinpreparering av aktuelle trase er ei spesifisert dispensasjonsbestemming som kom inn i samband med forskriftsendringa i 2017. Jamfør rettleiar M106-2014 frå miljødirektoratet kap. 6 kan det i slike saker vurderast å gi løyve, men der ingen har krav på eit slikt løyve. Forvaltningsmyndigheita må gjera ei konkret vurdering om søknaden gir grunnlag for å gi dispensasjon.

Med unntak av løypa på Vidmyr går alle dei aktuelle traseane delvis i kalvingsområde der det jamfør verneforskrifta kap. 4 pkt. 4.2 er ferdselsforbod i perioden f.o.m 25.april t.o.m. 31. mai.

Heimelsgrunnlag Vidmyr naturreservat

Føremålet med vernet er etter kap. 3 i verneforskrifta å ta vare på eit stort, representativt myrområde med godt utvikla bekke- og strengemyrer som har ein rik flora med eit stort innslag av artar som er plantegeografisk interessante.

Etter kap.4 pkt. 4 i verneforskrifta er motorisert ferdsel forbode. Dispensasjon frå forskrifta må difor handsamast etter den generelle unntaksbestemminga i naturmangfoldloven § 48. Jamfør denne kan forvaltningsmyndigheita gjere unntak frå vernevedtaket om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldlova (NML)

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfoldet vurdere søknadane etter desse paragrafane


NML § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapen om naturmangfoldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt og Klassifisering av de ti nasjonale villreinområda etter kvalitetsnorm for villrein (NINA rapport 2126 fra 2022). Ferdselsdata er henta frå registrering gjort av Hovden hytteservice og forvaltningssekretariatet i 2022 og 2023. Tala er lest av og kvalitetssikra av NINA.

Maskinpreparering og den menneskelege aktiviteten som følgjer med bruk av løypene kan føre til at villreinen viker unna områda i samband med beite, trekk og kalving. På sikt kan det føre til ytterlegare fragmentering av leveområda, auke energibruk ved unnviking av område og redusert tilgang på beite. Vintersesongen er ein særleg sårbar periode. Det må leggst vekt på at villreinen allereie er pressa frå fleire hold som følgje av infrastruktur knytt til kraftutbygging, ferdsel og utbygging av hytteområde, vegar mv. Forskingsresultat frå NINA (Panzacchi et. al 2016) viser at barriereeffekten av ulike tekniske inngrep og formar for forstyrning er kumulativ (samverkande). I eit ope landskap utan tekniske inngrep vil ein på ein turiststi med over 30 passeringar i døgnet kunne registrere barriereeffekt. Kjem ein over 200 passeringar på ein tursti utgjør denne ei fullstendig barriere (Strand mfl. 2010 og 2015).

Områda nord-vest for Hovden er særleg viktige som vinterbeite for villrein. Dette godt dokumentert gjennom GPS-merkeprosjektet. Dette stemmer også med kva område ein finn større førekomst av lav. Kartet under syner GPS-posisjonar for merka dyr i perioden 2006 – 2024 avgrensa til perioden februar – april.

Kart GPS-posisjonar frå villrein februar- april-. Sloaros th er merka med raudt punkt, Krossloskardet grønt punkt og toppen av skitrekke lilla punkt.




Ut frå attendemelding frå SNO dei seinare åra synast det å vera ein tendens at dyra trekk til område mot sør og vest mot slutten av vintersesongen, dvs lenger vekk frå området der Sloarosløya går. Data frå dei GPS-merka dyra syner og ein tendens i den retning, men ikkje før ein kjem godt ut i april månad. I mai månad er det ikkje GPS-registreringar av dyr i nærleiken av traseen.

Kartet nedanfor syner trekkzone for villrein mellom Hovden og Breidvatn henta frå naturbasen. Trekksona ligg på det næraste om lag ein halv kilometer frå maskinpreparert trase gjennom Vidmyr. Trekket er i liten grad nytta i seinare tid. Dette heng truleg samane med det generelle ferdselstrykket i området og ikkje minst trafikken på riksveg 9. Relativt låg bestandsstorleik kan også spele inn.

Skiløypene Storenos 1 og 2 ligg for ein stor del i kalvingsområde der det jfr. verneforskriften kap. 4 pkt. 4.2 er ferdselsforbod i perioden 25. april – 31. mai. Sjølv om det ikkje er registrert kalving her på mange år er områda og viktige vinterbeite. Registreringar frå GPS-merkeprosjektet underbyggjer dette. Løypene ligg nær toppen av skitrekka på Hovden. Det er såleis ein god del ferdsel i desse områda.

Trekksone mellom aust- og vestheia merka med grøn skravur:



Sidan førre løyve til maskinpreparering er det gjennomført ei klassifisering av dei ti nasjonale villreinområda etter forskrift om kvalitetsnorm for villrein. I klassifiseringa frå 2022 (NINA rapport 2126) kom Setesdal Ryfylke villreinområde (SR) ut med status *ikkje godkjend*. Dette grunna låg *del eldre bukk* og dårleg kvalitet på *funksjonelle trekkpassasjar*. I klassifiseringa er ferdsel i Sloarosløypa vurdert å gi reduksjon i trekkfunksjonalitet på 50 – 90 % for både vinterperioden og sommar/haust. For vinterperioden vert dette underbygd av ferdselsdata henta inn i 2022 og 2023 omtala nedanfor.

På Vidmyr er det fleire myrområde med rik flora. Her finn ein innslag av suboseaniske artar, nordlege/alpine artar og sørlege /låglandartar. Fattigmyrvegetasjon dominerer med bjønneskjegg og blåtopp som dei vanlegaste. Det er og eit innslag av kalkkrevjande låglandsartar. Ein finn og brudespore, ein orkide knytt til myrslått. I delane av Vidmyr med skog og vierkratt er det rikt med fugleviv, her finn ein artar som til dømes enkeltbekkasin, boltit og rugde.

Det er registrert mange kulturminne på Vidmyr. Mykje av dette er knytt til tida med utvinning av jern.

Det er ikkje registrert hekkelokaliteter for rovfugl som er i konflikt med dei aktuelle traseane.

Ferdselsdata og gjestedøgn Sloaros turisthytte

Det har vore gjennomført teljing av ferdsla i Sloarosløypa vinteren 2022 og 2023. Teljarane var plassert i Krossloskardet og Hardingskardet. I 2022 var det berre ein av teljarane som virka. Diverre vart det ikkje notert på kva av plassane denne stod.

I 2022 stod teljaren ute i perioden 20.2 – 18.4. Totalt vart det registrert 2382 passeringar i denne perioden. Gjennomsnitt pr. dag var 43 passeringar. Av totalt tal passeringar var 1611 i påskeveka.

I 2023 stod teljarane ute i perioden 13.2 – 9.4. Totalt vart det registrert høvesvis 4237 og 4642 passeringar på dei to teljarane. Dette gir eit gjennomsnitt pr. dag på 78 passeringar. Av totalt tal passeringar var 2549 i påskeveka (gjennomsnitt av dei to teljarane).

Den maskinpreparerte skiløypa til Sloaros (Langvatn) er også del av DNT sør si kvista vinterløype til Sloaros turisthytte. Normalt er løypa kvista i perioden vinterferie til påske. Tal gjestedøgn på Sloaros turisthytte har dei siste tre åra (2021 – 2023) ligge på eit gjennomsnitt på 211 pr. år i vinterperioden.

Røynsle frå siste løyveperiode

Det er krav om loggføring av maskinpreparering av Sloarosløypa og det er halde årlege evalueringsmøte mellom Hovden Løypekjøring, Hovden Hyttetjeneste og forvaltningssekretariatet.

Løypekøyrarane er gjennomgåande flinke til å følgje opp vilkåra i løyvet om å snu om det vert observert villrein, eller la vera å preparere om dei har fått inn observasjonar. Erfaringa er at ein god del nyttar løypetraseen når den først er opna sjølv om den ikkje vert preparert kvar dag.

Tala i tabellen nedanfor her henta frå loggføringa og syner tal dagar traseen er preparert og kor ofte løypekøyrarane har observert villrein i eller nær traseen. Merk at det ikkje fangar opp dei tilfella ein har latt vera å preparere grunn observasjonar frå andre (SNO eller andre lokale) eller data frå GPS – merka villrein. Det siste var særleg tilfelle sesongen 2024 då det lenge sto merka rein mellom Langvatn og Veggine og vidare mot toppen av skitrekket. Truleg grunna svært vanskelege beitetilhøve denne vinteren.

Frå logg Sloarosløypa (Krossloskardet – Langvatn):

	2021	2022	2023	2024
Tal dagar preparert	11	21	20	9
Tal dagar observert villrein under preparering	0	2	1	2

Informasjon om mellombels «stenging» av trase vert gjort kjend via Destinasjon Hovden sine kanalar. Dei fleste brukarane synast å ha forståing for restriksjonane, men legg vekt på at det må finnast gode alternativ.

Forvaltar vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» ref. § 9 i naturmangfaldslova vert likevel tillagt vekt vidare i saka.

NML § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Det er om lag 2 800 fritidsbustader i Bykle (kjelde SSB). Av desse ligg kring 2 000 på Hovden. Den store mengda fritidsbustader gir naturleg nok mykje ferdsel inn i verneområda og særleg perioden sein sommar/tidleg haust samt frå vinterferien og fram til påske. Ein må forvente at ferdsla aukar mykje i åra framover som følgje av vidare utbygging. Skiheisen til Storenos gjer også at høg fjellslopene innover i vestheia blir lett tilgjengeleg for mange.

På Hovden er det eit godt utvikla løypenett sommar og vinter, og mykje av ferdsla er kanalisert til løypenettet. Med den store mengda turistar vil det likevel vera eit monaleg omfang av «villgåing» utanfor løypenettet.

Sloarosløype utgjer ein liten del av det totale tilbodet av preparerte løyper. Som ferdselsteljinga syner er det ein likevel ei populær trase i eit høg fjellsterreng mange ønskjer å oppleve. Ein vesentleg del av dei preparerte løypene på Hovden ligg på austheia aust for

riksveg 9. Tidvis har Bykle kommune sjølv tatt initiativet til mellombels stenging av trasear her av omsyn til villrein. I desse tilfella har kommunen lagt særleg vekt på å ha alternative løyper på vestheia.

Løypene Storenos 1 og 2 ligg nær opp til Hovden og hytteområda der. Vidare er det enkel tilgang til desse områda frå Hovden skisenter. Sjølv om det ut frå verneomsyn er problematisk med maskinpreparering av løyper her, er det eit vesentleg poeng at området ligg så nær Hovden og skisenteret at det uansett vil vera monaleg ferdsel her.

Maskinpreparering kan såleis ha ein viktig kanalisierende effekt.

Eit argument som har vore nytta for å tillate maskinpreparering av Sloarosløypa er at ein får kanalisert ferdsla i staden for at den vert spreidd utover. Forvaltar er tvilande til ei slik argumentasjon. Midtvinters i eit vêrhardt og kupert område, og med mykje laus sno, er det tvilsamt om særleg mange legg skituren til dette området om løypa ikkje vert maskinpreparert. Utpå vårparten og nærmare påske kan ein slik argumentasjon ha noko føre seg. På denne tida er dagane lengre og føret gjerne fastare og der mange kan bli «freista» til å gå utanom løypenettet.

Annan menneskeleg ferdsel i områda der traseane går er i hovudsak knytt til jakt på hausten samt slipp, ettersyn og sanking av sau.

Anna motorisert ferdsel i området er i første rekke knytt til transport til enkelte driftshusvær i dette heiområdet samt tilsyn og drift av kraftanlegg. Totalt sett vurderast likevel denne ferdsla å vera avgrensa.

NML § 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og NML § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Hovden hytteservice er ansvarleg for at maskinprepareringa vert gjennomført på ei miljømessig god måte. Tilsvarande som tidlegare år vil det bli stilla ein rekke vilkår til maskinprepareringa. Dette knytt til tidspunkt for preparering og rutinar ved observasjon av villrein.

Handsaming etter § 48 i naturmangfoldloven

Maskinpreparering av løypene i Vidmyr naturreservat må handsamast etter § 48 i naturmangfoldlova. Ein føresetnad for å gi løyve etter denne paragrafen er at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Verneføremålet er knytt til ivaretaking av myrområde og flora. Det er lang tradisjon for preparering av traseane som går over Vidmyr. Til ein viss grad vil hardpakking av snøen som følgje av maskinpreparering kunne påverke vegetasjonen i traseen. Omfanget av dette vurderast likevel som liten og utan at det kan seiast å kunne stri mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig. Føresetnaden for å kunne gi dispensasjon vurderast difor å vera til stade.

Oppsummering og konklusjon

Sloarosløypa går i området som er av stor viktigheit som vinterbeiteområde for villreinen. Ut i frå ferdselsdata frå traseen må det leggjast til grunn at ferdsla er av eit slik omfang at traseen utgjer ein barriere for at villreinen kan trekke over. I klassifisering av dei ti nasjonale villreinområde er reduksjonen vurdert i ligge på mellom 50 – 90 % i vinterperioden. Barrieren som traseen utgjer reduserer tilgang på vinterbeiteområde.

Forvaltar meiner at det ikkje kan leggjast avgjerande vekt på den kanalisierende effekten av maskinpreparering av Sloarosløypa. Klart færre ville oppsøke området om det ikkje vart lagt til rette med maskinpreparering og berre tillate merking. Seint i sesongen har oftast hovudtyngda av villrein trekt ut av områda. Det kan difor forsvarast å tillate maskinpreparering av Sloarosløypa i påskeveka.

Røynsla syner at prepareringsregimet har fungert godt ved at løypekøyrarane har stengd Sloarosløypa om det vert observert villrein, eller at det ikkje vert preparert i det heile om det er melding om villrein områda. Forvaltar si klare oppfatning er likevel at når først traseen er opna for sesongen (preparert første gang), vil ferdsla i denne bidra til at villreinen held seg vekk, og i svært liten grad vil trekke over traseen. Få tal gonger traseen er stengd ned som følge av observasjonar undervegs kan og tyde på dette.

Storenos 1, Storenos 2 og Vidmyr bør kunne tillatast etter same regime som tidlegare år. Liggande nære område det frå før er mykje aktivitet vil maskinpreparering ha ein viktig kanalisierende effekt. Desse er også rundløyper som i mindre grad styrer ferdsla langt inn i heia. Preparering på Vidmyr går på snødekt mark som minimal grad vil påverke vegetasjonsdekket.

Frå før har DNT sør løyve til merking av løypa til Sloaros turisthytte på strekninga Langvatn – Sloaros turisthytte ref. delegert vedtak 5/24. Dette gjeldande ut sesongen 2025. Det kan merkast frå fredag før første vinterferieuke. Ved søknad om fornying av dette kan det vera aktuelt å utsette merkinga til det vert opna for maskinpreparering av Sloarosløypa i påskeveka.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei,

Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

v/Jørn Trygve Haug

Hovden, 29.05.24

SØKNAD OM LØYVE TIL MASKINPREPARERING AV VINTER SKILØYPE

Hovden Hytteservice AS søker med dette om løyve til maskinpreparering av vinter-skiløypa frå Nos ved Storenos 1 til Sloaros og Storenos 2 (iht pkt 5.5 i kapittel IV Vernereglar)

Kommunedelplan av 27.2.2019 sak 27.19. Den aktuelle løypa går frem av kart som er vedlegg til kommunedelplan, og som følger som vedlegg til dette brevet.

Som vist på kartet ligg den blå stipla løypa til Sloaros innafor verneområdet. Løypa vil bli preparera med løypemaskin frå fredag før vinterferien til 2. påskedag dersom denne ikkje er seinare enn 24.april. Med unntak av i vinterferien og i påskeferien vil løypa bare bli køyrt opp fredag til søndag.

Når det gjelder Storenos 1 og Storenos 2 så ligger den i kategori 4 i forhold til Hovden løypekjøring sine prioriteringer. Kategori 4 er løyper som normalt blir kjørt torsdag – søndag gjennom hele sesongen.

Det søkjast med dette om løyve til maskin preparering av løypa med nemminga Storenos 1 og Storenos 2 som normalt blir kjørt fra torsdag til søndag gjennom sesongen.

Det søkjast med dette om løyve til maskin preparering av løypa med nemninga Sloaros i samsvar med godkjent kommunedelplan og iht forskrift om endring av forskrift 28.april 2000 nr 409.

Søker også om å bruke snøscooter til å sette opp og ta ned løypestikker samt vedlikeholde disse.

Med venleg helsing


Jo Breivægen

Hovden Hytteservice AS



Hovden Hytteservice
ENTREPRENØR

Røyrvikvegen 6 – 4755 Hovden

Vedlegg:

Sti- og løypeplan, vedlegg til kommuneplan 2018-2030

Kart



U.off: offl. § 13, jf. fvl. § 13

Arkivsaksnummer: 2024/8284


Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 25.08.2024


Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	25/24	03.09.2024

Melding av ulovleg motorferdsel ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune

Vedlegg:




Forvaltar si innstilling



--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger




Vurdering

Etter forvaltningssekretariatet si vurdering vart søkar godt orientert om verneområdestyret sitt vedtak, og innhaldet i vedtaket skulle heller ikkje være til å misforstå. Alt tydar og på at søkar både har mottatt og forstått vedtaket.

Styret har tidlegare meldt ulovleg motorferdsel til politiet. Sist gong i styresak i 5/22 som gjaldt lågtflyging i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde. Å melde slike sakar til politiet er og i tråd med tilrådingane i Miljødirektoratets sin rettleier M-2692/2024 «Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder»

I vegleiaren er det gjeven følgjande døme på tilhøve som normalt skal meldast:


- *Ulovlige fysiske inngrep av varig karakter, for eksempel veibygging, oppføring av bygninger eller andre anlegg*
- *Søker gjennomfører tiltaket selv om det er gitt avslag på søknaden.*
- *Ulovlig motorferdsel.*



Etter 2022 har overtredelsesgebyr komme som ei ny sanksjonsform. Denne reaksjonen kan brukast i staden for melding til politiet i mindre alvorlege sakar der sakens fakta er klare. Om ein vel ei slik reaksjonsform så sender verneområdestyret saka over til Miljødirektoratet som kan fatte vedtak om overtredelsesgebyr. Etter forvaltningssekretariatet si vurdering er denne saka såpass alvorleg at heller bør meldast til politiet.

Konklusjon

I denne saka er det snakk om eit relativt omfattande brot på dispensasjonen. Det er og grunn til å tru at søkar var klar over rammene i dispensasjonen. Etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-2692/2024 er ulovleg motorisert ferdsel og av dei tilhøva som normalt skal meldast.



[REDACTED]

[REDACTED]





Arkivsaksnummer: 2024/7977

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 25.08.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	26/24	03.09.2024

Søknad om dispensasjon til helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde under Heliboogie 2025, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - SBK - BASE

Vedlegg:

- 1 SBK BASE - Søknad Heliboogie 2025
- 2 Henrik Lilleheim - Uttale om Heliboogie
- 3 Miljødirektoratet - Klageavgjerd for Heliboogie 2020

Forvaltar si innstilling

Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frافjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til 200 helikopterlandingar Kjerag i samband med transport av personar og utstyr til arrangementet Heliboogie 2025.

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 17-20. juni 2025 (torsdag-fredag). Verneområdestyret legg til grunn at forstyrringa av naturmangfald og fotturistar er relativt avgrensa, og går føre seg over eit så kort tidsrom at dette vurderast til å ikkje være i strid med verneføremålet.

Med heimel i § 48 i naturmangfaldlova får SKB BASE v/ Stein Edvardsen avslag på søknaden om dispensasjon eit samla tal på 300 helikopterlandingar ved Kjerag. Verneområdestyret grunnjev avslaget med vurderingane som vart gjort av Miljødirektoratet i deira klageavgjerd for Heliboogie 2020. Her blir det mellom anna satt ei øvre tak på 200 helikopterlandingar, for å avgrense størrelsen på arrangementet og konflikter mellom brukargrupper. Etter verneområdestyret si vurdering utgjør dette talet framleis rammene for dispensasjonen.

Dispensasjonen på omfattar transport av basehoppaparar, andre luftsportutøvarar, arrangørstab, filmmannskap og journalistar til og frå Kjerag. Dispensasjonen omfattar og transport av utstyr til desse aktivitetane. Denne utvidinga av dispensasjonen kan gjennomførast, da dette vil ikkje medføre fleire helikopterlandingar.

Verneområdestyret vidarefører vedtaket frå styresak 40/20, der det vart opna for passasjerar kan takast med på returflygingane frå Kjerag til Lysebotn. Andre kan dermed sitte på returtransportane frå Kjerag til Lysebotn dersom dette ikkje medføre auke i talet på transportar.

Helikoptertransportane skal gå føre seg mellom landingspunkta Lysebotn og Kjerag. Landingspunkt på Geitaneset kan brukast dersom det oppstå situasjonar der det blir nødvendig. Det skal følgjast flygeruter som er teikna inn på kartet i vedtaket.

Verneområdestyret vil presisere at det ikkje må takast med gjenstandar som kan medføre forsøpling utfor stupkanten, og at det må leverast inn rapportskjema over kor mange transportar som er gjennomførde til forvaltningssekretariatet innan 1. august 2025.

Kart over flygeruter



Vi vil og gjere merksam på at det i tillegg til dispensasjon etter verneføreskrifta, må innhentast nødvendig dispensasjon frå Sandnes kommune og samtykke frå grunneigar

Med heimel i §2 og §3, punkt 1.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til å sette opp ein mellombels installasjon ved ein uthoppstad under arrangementet "Heliboogie 2025" 17-20. juni 2025.

Installasjonen er ei rampe som skal «skyte» basehopperar ut over stupkanten.

Verneområdestyret legg vekt på at installasjonen er relativt liten og berre skal stå på staden inntil fire dagar. Det skal heller ikkje brukast boreboltar til forankring.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 22.07.2024. Det visast og til tidlegare handsamingar av liknande søknader i Styresak 35/23, 23/21, AU sakane 126/2012, 268/2012 og 62/2013, 30/2018, samt Delegasjonssak RO 49/2017. Viser og til handsaminga av Heliboogie 2020 i styresakene 30/19, 42/19, 15/20, 38/20 og 47/20, samt Miljødirektoratet si klageavgjerd datert 07.09.2020.

SBK BASE v/ Stein Edvardsen søker om dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde. Søknaden gjeld transport av utstyr og personar i samband med BASE hopp arrangementet "Heliboogie" 17-20. juni 2025. Transportane vil gå føre seg mellom landingspunktane Lysebotn og Kjerag, kor det siste ligg inne i Frafjordheiane landskapsvernområde. Landingspunkta og flygeruta mellom dei, er teikna inn på eit kart som følgjar søknaden.

Det søkast om å kunne personar og utstyr relatert til luftsportarrangementet. Dette vil til dømes omfatte basehopperar, paraglidere, speedflygere, hangglidere, samt filmmannskap og media som

ønskjer å dokumentere og dekke arrangementet. Søknaden omfattar og transport av tilskodarar frå Kjerag og ned til Lysebotn.

SBK BASE skriv i søknaden at ramma på 200 landingar i tidlegare dispensasjonar lett kan bli for lite. Dei ventar høg deltaking på Heliboogie 2025, og ved optimale tilhøve kan ramma for landingane være brukt opp i løpet av to dagar. Det søkast derfor om å kunne gjennomføre 300 landingar med helikopter i 2025. For 2025 (og i 2024) blir arrangementet lagt til vekedagane (torsdag-fredag) i staden for i helga (onsdag-laurdag) som har vore vanleg tidlegare.

Med grunnlag i erfaringar frå tidlegare år vil behovet for helikopterlandingar truleg ligge ein stad mellom 150 og 300. For arrangementet i 2017 rapporterte søkar om 278 gjennomførte transportar, mens talet låg på 157 i 2018. I 2019 gjorde dårleg vær at talet låg på 168, mens berre 44 transportar vart gjennomført i 2020 og 2021 på grunn av reiserestriksjonar i samband med Covid 19. I 2022 vart det gjennomført 156 landingar, mens talet låg på 157 i 2023 og på 251 i 2024. I 2024 vart det dermed gjennomført 51 fleire landingar enn det vart gitt dispensasjon til. Ein eventuell reaksjon på dette forholdet er tema for ein annan sak i dette styremøte.

Det visast og ein uttale frå Henrik Lilleheim frå 25.08.2021, som har vore parkeringsvakt ved Øydegardsstøl i mange år. I uttalen kjem det mellom anna fram at knapt finns fotturistar for blir forstyrre av helikopteraktiviteten under Heliboogie. Tvert om synes mange at det er spanande å sjå på basehopparane og att arrangementet gir ein positiv dimensjon til turen.

I følgje opplysningar frå søkar og informasjon på søkar si nettside <http://stavangerbase.com/about-the-helibooogie/>, vart dette arrangementet gjennomført første gang i 1998. Vanlegvis er om lag 25-30 land, og opp til 200 hopparar frå heile verden er representert. Noko som gjer det til det største arrangementet i verden av sitt slag. SBK seier at dei har gjennomført Heliboogie i fleire år med stor suksess, og at den har vore med på å sette Kjerag/Lysefjorden på verdskartet både blant hopparar og andre turistar. All hopping vil i følgje søkaren gå føre seg i kontrollerte former, styrt av SBK.

